



Jobbnorge-ID: 110868

Søknadsfrist: Avslutta

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Overstyrmann - fast stilling (Mrk.08-15)

Havforskningsinstituttet er Nord-Europas nest største forskingsmiljø med ca 730 tilsette.

Rederiavdelinga har ansvar for bemanning og drift av 6 havforskningsfartøy, og det er no ledig fast stilling som overstyrmann på våre fartøy.

Fartøya har mange forskjellige oppgåver, som miljøundersøkingar, botnkartlegging, innsamling av fiskeprøvar, bestandsovervaking, teljing av kval osv. Det er derfor mykje forskjellig utstyr og reiskap i bruk, diverse typar trålar, forskjellige undervassfarkostar og andre forskingsinstrument og -utstyr.

Kvalifikasjonar:

- Krav til Dekksoffiser Klasse 2 med utdanning og bestått eksamen for å kunne løyse ut Klasse 1.
- Krav om GMDSS/GOC sertifikat og sikkerheitskurs etter kvalifikasjonsforskrifta.
- Ferdighetssertifikat, sikkerheitsbevisstheit for sjøfolk med særlege sikringsplikter. Nødvendige kvalifikasjonar for å fornye sertifikatet etter STCW 10.
- Fartøya brukar TM-MasterV2 som vedlikehaldssystem, slik at erfaring frå bruk av elektronisk vedlikehaldssystem og data er eit krav.
- Gyldig helseattest frå godkjent sjømannslege.
- Det vert lagt vekt på at søkjar har kunnskap om og røynsle frå innkjøp og økonomi.
- Erfaring frå bruk av relevant reiskap og utstyr vil vere ein fordel.
- Det blir lagt vekt på gode referansar.
- Arbeidsspråk er norsk og den vi tilset må beherske norsk og engelsk både munnleg og skriftleg. Vi ber derfor om at søknaden vert skriven på norsk.
- Evne til å samarbeide, god ordenssans, evne til å kunne arbeide sjølvstendig og vere fleksibel vil bli vektlagt.

Vi tilbyr:

- Eit utfordrande og kreativt arbeidsmiljø i eit nasjonalt institutt med mykje internasjonal kontakt, eit godt arbeidsmiljø og gode pensjonsordningar og velferdstilbod.
- Den som vert tilsett vil inngå i ei besetning der omgang og samarbeid med toktdeltakarar/forskarar er ein del av jobben.
- Arbeidstid er 12 timar pr. dag, 84 timar pr. veke i 1:1 turnus.

Lønn etter eigen overeinskomst mellom Havforskningsinstituttet og sjømannsorganisasjonane.

Frå bruttolønna vert det trekt 2 % innskott til Statens Pensjonskasse.

Les meir om fartøya på: www.imr.no/om_havforskningsinstituttet/rederi/nb-no

Havforskningsinstituttet er ei IA-verksemd som er opptatt av mangfald og oppmodar alle kvalifiserte søkjarar om å søkje stillinga. Vi gjer merksam på at opplysingar om søkjaren kan bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bede om å vere unntatt frå søkjarlista. Dette vil det bli orientert om på førehand.

Søknad med CV og kopi av relevante attestar og vitnemål skal sendast elektronisk via linken " Søk på stillingen"

Søknadsfrist 6.3.2015

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: